

# Støtte til Hamsundsambandet

Ålesund formannskap vedtok i dag å støtte Hamsundsambandet AS med 70.000 kroner.

Vedtaket er i tråd med kommunedirektøren si innstilling. Ordførar Eva Vinje Aurdal (Ap) tilrådde at pengane skal takast frå formannskapet sin reservepost, som i dag er på 350.000

Dette er viktig for utvikling av næringslivet og for at vår region skal vekse seg tettare saman.

Jessica Gärtner

”

kroner.

– Vi bur i ein stor kommune, både med tanke på areal og talet på innbyggjarar. Kva er da viktigare enn å knyte folk saman, sa Jessica Gärtner (H). Ho peika på kortare reisetid for både menneske og varer.

– Dette er viktig for utvikling av næringslivet og for at vår region skal vekse seg tettare saman, sa høgrepolitikaren.

Partikollega Bjørn Sandnes (H) var samd, og uttalte at det er rart om kommunen sjølv skal være kritisk i ei slik sak.

## Naturøydelegging

Jarle Steffensen (MDG) var kritisk til store naturøydeleggingar og klimakostnader, som han meiner har vore lite poengtert i Nordøyvegprosjektet.

– Vi støttar vidare planlegging, men vil legge vekt på at klima- og miljøkostnad må belysast tydeleg, uttalde Steffensen.

## Missing link

– Det er viktig at Ålesund kommune bidreg. Eit starttilskot er eit tydeleg signal til næringslivet. I intensjonsavtalen er dessutan Hamsundsambandet eitt av dei seks sambanda som



SAMLANDE

Vi bur i ein stor kommune. Kva er då viktigare enn å knyte folk saman, sa Jessica Gärtner (H).

Foto: Linda Bakken

skal prioriterast, sa Geir Ove Leite (Ap).

Cine Finstad Austnes (FrP) meiner det ikkje er tvil i at ein lyt legge vekt på å knyte saman aust-vest og nord-sør.

– Eg vil minne om at det er

mykje næringsliv i Brattvåg og Søvika. Hamsundsambandet treng ein dytt i bakken opp. Å gjere arbeidsregionen større, betyr mykje for næringsliv og folk. Nordøyvegen er fantastisk for nokre, men Hamsundsam-

bandet er «missing link» til Ålesund, meinte ho.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

LINDA BAKKEN

[linda@nordrenett.no](mailto:linda@nordrenett.no)